



Heidi Helen Lygren
Granveien 1c
5067 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5769 - 22/64066

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
25.08.2022

Svar på førespurnad om endring av bygningsstatus - gbnr 57/6 Lygren indre

Alver kommune viser til dykkar førespurnad datert 26.08.2022 om kva som skal til for at bustaden på gbnr 57/6 skal bli registrert som sekundærbustad. Vi viser også til telefonsamtale i dag med Heidi Lygren der du ber om at retting vert utført.

Bustaden på eigedomen er i matrikkelen registrert som heilårsbustad som vert nytta som fritidsbustad og kode 162. Denne koden vert nytta for å visa faktisk bruk av bygget.

Kommunen vurderer at vi kan endra bygningskode tilbake til einebustad og kode 111 slik du ber om utan behandling etter plan- og bygningslova. Det går fram av kommunen sitt arkiv at bygget er godkjend oppført som heilårsbustad. Vi viser elles til kommunen sitt svar på dykkar førespurnad vedkomande feil bygningskode i matrikkelen, datert 18.06.2019 der det står at bygningskode er retta frå fritidsbustad til einebustad, sjå vedlegg . Kvifor bygget i dag har kode 162 er usikkert.

Kommunen nyttar ikkje begrepet sekundærbustad. Dette er knytt til andre forhold som t.d. skatt. Kommunen veit ikkje kva som må til for at ein har rett på straumstøtte. Dette må du ta opp med kraftselskapet du nyttar. Når det gjeld kommunale avgifter for eigedomen, i dette tilfellet årsgebyr tilsyn for private avløpsanlegg og branntilsyn/feiling, vil dei verta uendra som følgje av endring av bygningskode. Når det gjeld verknad frå renovasjonsavgift og slamgebyr må dette takast opp med NGIR.

Melding om retting i matrikkelen vil verta oversend Kart og oppmåling.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Endreing i matrikkel - gbnr 576 Lygre ytre (L) (599790)

Mottakarar:

Heidi Helen Lygren
Kjell Lygren

Granveien 1c
Granveien 1c

5067 BERGEN
5067 Bergen